



Til medlemene i Arbeidsmiljøutvalet

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Arbeidsmiljøutvalet

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 01.04.2020

Tid: 09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 7/20	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
PS 8/20	Avvik som har kome inn	
PS 9/20	Arbeidmiljøundersøking ved Seljord barne- og ungdomsskule	
PS 10/20	Orientering om avslutting av sak om feilutbetaling av t-trinn til tilsette ved Heddelitunet	
PS 11/20	Orientering om beredskapssituasjonen rundt koronavirus, Covid-19	
PS 12/20	Orientering til AMU om oppretting dedikerte avdelingar og isolat i beredskap knytt til koronavirus	

Saker til handsaming

PS 7/20 Godkjenning av protokoll frå førre møte

PS 8/20 Avvik som har kome inn



Seljord kommune

Arkiv: 440
Saksnr.: 2020/67-2
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 29.03.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	9/20	01.04.2020

Arbeidsmiljøundersøking ved Seljord barne- og ungdomsskule

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Ved gjennomgang av Bedriftshelsen sin plan for arbeid i Seljord kommune inneverande år i siste AMU, 25.02.2020, vart det spela inn frå HVO og HTV Utdanningsforbundet at det var behov for å framskande planlagt arbeidsmiljøundersøking ved Seljord barne- og ungdomsskule frå hausten 2020 til våren 2020. Dette vart grunngeve med at det er høgt sjukefråvær og mykje uro ved skulen.

Rådmannen tok derfor initiativ til eit Teamsmøte med Henning Hegdal, leiar for Bedriftshelsen AS, for rådføring i saka. Dette var gjennomført 04.03.2020. Til stade i møtet ver HVO, HTV Utdanningsforbundet, einingsleiar ved Seljord barne- og ungdomsskule, kommunalsjef PO2, rådmann og organisasjons- og personalsjef.

Hegdal fekk ei orientering om bakgrunnen for at saka kom opp, og ein status i arbeidet ved skulen, med vekt på nyleg endring til ein felles skule i sentrum siste skuleår, og lokal uro knytt til uttrykt frustrasjon rundt denne. Hans klare råd var å ikkje framskande arbeidsmiljøkartlegginga, då dette etter hans erfaring kunne hindre ny struktur i å få etablere seg, og i tillegg føre til auka frustrasjon blant personalet.

Han oppmoda skuleleiinga til å samarbeide med vernetenesta og dei tillitsvalde om å planlegge ei arbeidsmiljøkartlegging godt, med gjennomføring til hausten. Han vektla at det vart gjeve god informasjon til dei tilsette, og at alle skulle ha ei oppleving av å bli sett og høyrte.

Rådmannen si tilråding:

Saka om føreståande arbeidsmiljøkartlegging ved Seljord barne – og ungdomsskule vert lagt fram til drøfting i AMU.

Utskrift til:



Seljord kommune

Arkiv: 500
Saksnr.: 2019/1710-2
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 27.03.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	10/20	01.04.2020

Orientering om avslutting av sak om feilutbetaling av t-trinn til tilsette ved Heddelitunet

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

På bakgrunn av ein feil i ein kode i turnussystemet GAT, vart det utbetalt eit for stort beløp i turnustillegg for laurdags- og sundagsarbeid til tilsette ved Heddelitunet bustad for funksjonshemma (TFF) for perioden 19.08. til 31.09.2019. Feilutbetalinga kom på septemberløn i 2019. Tillegg for laurdags- og sundagsarbeid vart meir enn dobla, og arbeidsgjevar meiner derfor at den tilsette hadde grunn til å stille spørsmål ved lønsslippen for den utbetalte perioden. Til dømes får ein tilsett i 100 % stilling vanlegvis utbetalt omlag 1100 kr i laurdags- og søndagstillegg, medan vedkomande i september fekk utbetalt omlag 5100 kr. Etter arbeidsgjevars oppfatning er dette ei betydeleg avvik, som tilsette kunne ha oppdaga ved å studere lønsslippen. Totalt dreiar det seg om 83 979, 44 kr for mykje utbetalt, fordela på 20 tilsette.

Arbeidsgjevar vart merksam på feilutbetalinga rett i forkant av lønnskøyring for oktober i 2019, og vart etter dialog med einingsleiar ved TFF, korrigert på oktoberlønna til den tilsette. Einingsleiar orienterte dei tilsette ved TFF både skriftleg og munnleg i dagane før lønnskøyring om at feilen var oppdaga og ville bli retta opp i. Etter AML § 14-15 2(c) skal denne typen korrigeringar berre skje etter skriftleg avtale med den tilsette. Det vart ikkje inngått slike skriftlege avtaler, men tilbakebetalinga av feilutbetalinga vart gjennomført i form av trekk på oktoberløn på den einskilde tilsette sin løn.

Arbeidsgjevar innrømmer at det skulle vore inngått skriftlege avtaler. Utover dette meiner arbeidsgjevar at feil utbetalt løn skal bli retta opp i, anten det gjeld at arbeidstakar har mottatt for mykje eller for lite løn.

Fagforbundet og FO har sendt inn klage på vegne av sine medlem ved TFF, og kravde trekket tilbakebetalt til medlemmane.

Utover hausten hadde arbeidsgjevar mykje kontakt med FO og Fagforbundet i eit forsøkt på å kome til praktiske løysingar som ikkje kravde ekstra arbeid for ein hardt pressa løns- og personalavdeling. Dette førte ikkje fram.

Etter rådføring med KS-advokat, Cecilie Sæther, har arbeidsgjevar forsøkt å gå i dialog med dei tilsette ved å kalle dei inn til drøftingsmøte etter AML § 14-15 2(c). Etter den ulovfesta læra om *condicio indebiti* skal det gjennomførast individuelle vurderingar i den einskilde saken med omsyn til rimelegheit. Det var derfor sentralt for arbeidsgjevar å få klarheit i om det fanst vektige grunnar til at vi skulle ta spesielle omsyn i den einskilde sak.

På bakgrunn av dette vart den tilsette kalla inn til drøftingsmøte i slutten av januar. Etter tilpassingar til fagforeiningane var drøftingane avtala til 29.02. og 13.02.2020, der fylkessekretærene var til stades saman med den tilsette. Her ver Seljord kommune innstilte på å inngå individuelle avtaler om tilbakebetaling som var tilpassa den einskilde sitt behov.

Blant dei tilsette som er uorganiserte, vart dei same type drøftingar gjennomført, med lovnad om at dei skulle få likelydande vilkår som dei fagorganiserte.

Dei uorganiserte var villige til å inngå avtale om tilbakebetaling over tid. Dei organiserte innrømde ikkje dette, og syntte til at lønsslippen er vanskeleg å forstå, at feilen derfor ikkje var lett å oppdage, at det var endringar i turnus i same periode og at arbeidsgjevar hadde gjort feil ved å trekke før individuell avtale var inngått. Berre ein tilsett inngjekk umiddelbar avtale om at saka var å sjå på som avslutta i og med trekket som vart gjort i oktober.

Arbeidsgjevar mistenker ikkje den tilsette for å ha tilbakehalde informasjon med overlegg, men syner til den tilsettes undersøkingsplikt av lønsslipp og høve til å ta kontakt med arbeidsgjevar om spørsmål knytt til løn og lønsslipp. I kvar arbeidsavtale vert det dessutan vist til at feil løn skal bli retta opp i.

Seljord kommune hadde til hensikt å forfylgje saka rettsleg overfor den einskilde lønsmottakar i turnusstilling ved TFF.

Avslutting av saka

Som fylgje av meirarbeidet i samband med beredskapssituasjonen kommune-Noreg har kome i i samband med koronaviruset, ynskjer arbeidsgjevar å rydde vekk arbeidsoppgåver for å kunne prioriterer beredskapsarbeidet. Vi vil derfor bli ferdige med denne saka ved å sette sluttstrek no. Det er og grunn til å tru at rettsapparatet ikkje ville kunne prioritere denne i næraste framtid, og dermed ville ho strekke ut ytterlegare i tid.

Seljord kommune er framleis overtydde om at feilen skulle vore retta opp i og at pengane skulle vore tilbakebetalte til kommunen, men finn ikkje tid til å arbeide meir med saka i overskodelig framtid, gitt beredskapsarbeidet vi står midt oppe i. Det er derfor ikkje grunn til at denne saka skal skape presedens.

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa om avslutting av feilutbetaling av t-trinn til tilsette ved Heddelitunet til vitande.

Utskrift til:



Seljord kommune

Arkiv: X20
Saksnr.: 2020/590-8
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 27.03.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	11/20	01.04.2020

Orientering om beredskapssituasjonen rundt koronavirus, Covid-19

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Orientering om beredskapssituasjonen rundt koronavirus, Covid-19

Saksutgreiing:

I samband med at koronaepidemien har kome til Noreg og regjeringa den 12.03.2020 sette i verk inngrepande, nasjonale tiltak, sette Seljord kommune beredskapsstab fredag 13.03.2020. Etter kommunestyresak 17/18 inneber dette at:

«Seljord kommunestyre delegerer til beredskapsleiinga alle fullmakter som er nødvendige for å setje i verk relevante tiltak i ein beredskapssituasjon, eller når ein krise truar.

Beredskapsleiinga skal bruke beredskapsfullmakta etter beste skjøn. Kommunestyre skal orienterast om bruken og omfanget av beredskapsfullmakta ved fyrste møte etter hendinga.»

I kjølvatnet av at beredskapsleiing var sett, vart det iverksett lokale tiltak for å hindre smittespreiing i vår kommune og region.

Rådmannen og kommunalsjefane vil orientere AMU om:

- Hovudpunkt for dei grep som er tatt
- Hovudpunkt for situasjonen vi står ovanfor
- Hovudpunkt for dei tiltak som er satt i verk, mellom anna vedtak etter smittevernlova
- Hovudpunkt for drifta framover, med vekt på nyttiggjering og omdisponering av tilsette, endring av arbeidsplanar og –oppgåver som førebuing på å handtere ein venta smittesituasjon

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orientringa om beredskapssituasjonen og tiltaka som er sett i verk til vitande.

Utskrift til:



Seljord kommune

Orientering om Korona, Covid-19
til AMU
01.04.2020

Seljord - Det gode vertskap

PS 13/20- Orientering om Korona – Covid-19

Vanar som førebyggjer **smitte**



Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikke har papirlommetørkle tilgjengelig.



Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.



Seljord - Det gode vertskap



De ulike fasene for covid-19 epidemien i Norge

Basert på planscenario 24. mars 2020




0	1	2	3	4	5
25.03.20 Seljord	Medio mars Nasjonalt	Mars-april Nasjonalt	Mars-april? Nasjonalt	Mai-oktober? Nasjonalt	August-Desember? Nasjonalt

Fase og tid	Beskrivelse	Kommentar
1 Importtilfeller og lite videre smitte Til medio mars	Enkelte importtilfeller og smitte i ett eller to ledd fra dem, men så å si alle tilfeller lar seg spore tilbake til kjent smittekilde i Norge eller eksponering i utlandet.	Det kommer smittede personer til Norge fra land med mer smitte i samfunnet, særlig hjemvendte nordmenn fra vinterferie i Alpene. De vil fortsatt komme fra land med stor norsk reisevirksomhet, som Italia og sannsynligvis etter hvert også Frankrike, Spania og kanskje Thailand.
2 Lokal, vedvarende smitte Mars - april	Stadig flere importtilfeller, men de fleste nye tilfellene er smittet i Norge, og det finnes flere klynger med minst tre ledd av innenlands smitte, mens andre deler av landet ennå ikke er affisert.	Vi antar at denne fasen nå er begynt. De lokale klyngene er til en viss grad under kontroll, og viruset spres ikke ukontrollert i samfunnet. Mot slutten av denne fasen kan det dukke opp alvorlige tilfeller som har helt ukjent smittekilde og ikke har vært i utlandet. Dette er tegn på innenlands spredning «under radaren».
3. Utstrakt, vedvarende spredning Mars - april?	I denne fasen begynner lokale utbrudd å gå over i hverandre og det er vanskelig å knytte nye tilfeller til kjente tilfeller. Epidemien er økende. Helsetjenesten opplever økende press.	Vi gjetter at denne fasen begynner i vår eller tidlig sommer. Vi vil se økende antall alvorlige tilfeller, mange uten kjent sammenheng med andre tilfeller.
4. Full epidemi Mai – oktober?	I denne fasen er epidemien i full gang, når etter hvert toppen og snur så. Helsetjenesten risikerer overbelastning.	Vi gjetter at denne fasen varer gjennom sommeren.
5. Epidemi på retur August – desember?	I denne fasen er hovedbølgen av epidemien over toppen og det blir etter hvert færre tilfeller. Situasjonen blir noe lettere for helsetjenesten.	Vi gjetter at denne fasen varer utover høsten

Korona – Covid-19

FLATTEN THE CURVE



Mål om å flate ut kurven for sykdomsutviklinga



Seljord - Det gode vertskap



Frå FHI sin 4.risikorapport 24.03.20

Imperial college i London beskriver to hovedstrategier å velge mellom:

- 1) Å slå ned epidemien med inngripende tiltak innledningsvis for å reversere den epidemiske veksten. Målet er et så lavt antall nye smittede at man kan drive aktiv smitteoppsporing og vedlikeholde denne situasjonen med få inngripende tiltak innad i landet. Det vil være nødvendig å videreføre et strengt regime for å forebygge import av smitte fra utlandet.
- 2) Å forsinke spredning uten at man forsøker å stoppe utbruddet (bremsing, skadebegrensning). Det medfører at det til enhver tid vil være et betydelig antall smittede i samfunnet, men at man får en flatere epidemikurve slik at helsetjenesten har mulighet til å håndtere et stort antall syke. Dette valget vil kreve en lang rekke inngripende tiltak i hele landet så lenge epidemien varer.



Sakset frå FHI sin 4.risikorapport 24.03.20



Oppsummering av smittevernstrategien

Tiltak	Fase 1 Enkelttilfeller	Fase 2 Klynger	Fase 3 Tidlig epidemi	Fase 4 Epidemi	Fase 5 Sein epidemi
1 God hygiene	Grønt	Grønt	Grønt	Grønt	Grønt
2 Tidlig oppdaging og isolering	Grønt	Grønt	Gult	Gult	Gult
3 Oppfølging av eksponerte	Grønt	Gult	Rødt	Rødt	Rødt
4 Færre reisende fra visse områder	Grønt	Gult	Rødt	Rødt	Rødt
5 Redusert kontakthypighet	Rødt	Gult	Grønt	Grønt	Grønt

Tabell. Vektlegging av de fem hovedtiltakene mot covid-19-epidemien i epidemiens fem faser. Grønt er viktig tiltak, gult er tiltak som kan være viktige mens rødt er mindre aktuelle tiltak. Se kapittel 3.1 for forklaring av fasene og kapittel 4.3 for forklaring av tiltakene.



HVORDAN ENKELTPERSONER KAN UTGJØRE EN STOR FORSKJELL



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

- Målretta tiltak føre korona
 - Overordna beredskapsplanar
 - Oppdatert helseberedskapsplan
 - Oppdatert smittevernplan/pandemiplan
 - Opplæring i beredskapsleiinga



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

- Målretta tiltak under korona
 - Sette beredskapsleiing, ta i bruk beredskapsfullmakta:

"Seljord kommunestyre delegerer til beredskapsleiinga alle fullmakter som er nødvendige for å setje i verk relevante tiltak i ein beredskapssituasjon eller når ei krise truar.

Beredskapsleiinga skal bruke beredskapsfullmakta etter beste skjøn. Kommunestyret skal orienterast om bruken og omfanget av beredskapsfullmakta ved første møte etter hendinga."

Vedteke av kommunestyre 08.03.18 - PS 17/18



Seljord - Det gode vertskap



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

Beredskapsleiinga er:

Ordførar, Beate Marie Dahl Eide

Rådmann, Finn-Arild Bystrøm

Kommunelege, Kine Jordbakke

Kommunalsjef, Frid Berge

Kommunalsjef, Even Fossum Svendsen

Kommunalsjef, Lillian Olsen Opedal

Organisasjons- og personalsjef, Ingeborg Nenseter Jensen

Rådgivar, media og kommunikasjon, Asbjørn Storrusten

Beredskapskoordinator, Egil Birkrem

Loggførar, Anne Bente Kasland Groven



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

Beredskapsleiinga er forsterka med:

Varaordførar, Sondre Aasan (fast)

Beredskapsleiinga knytt til seg den til ein kvar tid naudsynte kompetanse for å løyse sakar.

Politiske- og administrative varafunksjonar deltek jamleg på statusmøte for å ha oversikt



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

Fokus den fyrste tida:

- Oversikt over situasjonen

- Pr 26.03.20, ingen meldte sjuke, ein del i karantene

- Bli kjent og sette rollene i beredskapsleiing

- Daglege møte i beredskapsleiinga kl 08:00-09:00
- Øving/repetering av beredskapsleiing

- Ta umiddelbare naudsynte grep

- Vedtak etter smittevernlova
- Informasjon til berørte, tilsette, pressa
- Bemanningslister og kontinuitetsplanlegging
- Dei 15 samfunnskritiske unntaka frå DSB
- Syte for at alle er oppe og går på samhandlingsplattform



Programområde 1 Sentraladministrasjonen og fellestenester

Korona – Covid-19

Fokus framover:

- Oversikt over situasjonen og utviklinga

- Fokus på liv og helse
- Forsøke å vera i førekant, og hindre/begrense spreiding av sjukdom

- Førebu oss på att situasjonen vil vare lenge

- Drift i unntakstilstand, blir det den nye normalen?
- Nok vara, slik at alle kan kvile





Seljord kommune

Arkiv: X20
Saksnr.: 2020/590-9
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 29.03.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	12/20	01.04.2020

Orientering til AMU om oppretting dedikerte avdelingar og isolat i beredskap knytt til koronavirus

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Som eit ledd i beredskapsarbeidet førebur no PO3, helse og omsorg, seg på å handtere pasientar med øvre luftvegsinfeksjonar og pasientar med koronasmitta. Desse pasientgruppene kan ikkje blandast.

Avdeling C på Nesbukti pleie- og omsorgssenter er tenkt bruka til å behandle pasientar med øvre luftvegssymptom, medan det blir lagt til rette for eit isolat for pasientar med konstatera koronasmitte i underetasjen på gamle Heddeli bu- og servicesenter. Det er alt gjort nødvendige utbetringar i lokala på Heddeli. Reinhold er gjennomført og utstyr bestilt, slik at ein er klare til å ta imot pasientar om kort tid.

Bemanning

Det er einingsleiar for institusjon og open omsorg som saman har fått ansvar for å bemanne desse to avdelingane. Personell som blir knytt til desse kan ikkje arbeide med annan pleie samtidig, av omsyn til potensiell smittespreiing.

Det vil bli naudsynt med to vaktlag som går 12-timarsvakter, med arbeid annakvar helg på begge desse avdelingane. Det er forventa at det vil bli krevjande å rekruttere til dette arbeidet, og ein må rekne med at fagforeiningane vil krevje ekstra tillegg for medlem som skal ha sitt daglege arbeid her. Dersom behovet for drift ved desse blir langvarig, må ein leggje til rette for at vaktlaga kan bli skifta ut undervegs.

Drøfting

Saka vart drøfta med kommunalsjef PO3, organisasjons- og personalsjef, einingsleiarar for institusjon og for open omsorg, verneombod og tillitsvalde den 27.03.2020. NSF sin HTV og verneombod open omsorg var ikkje til stades under drøftingane, men plasstillitsvald ved helseavdelinga var med saman med HTV Fagforbundet, verneombod ved institusjon og HTV DNL m.fl.. HTV for NSF vil bli kontakta direkte av kommunalsjef for PO3 for å bli orientert om saka.

Det var semje i drøftingsmøtet om at behovet er til stades og at det kan bli krevjande å arbeide slik, men med ei tru på at vi vil få det til.

Einingsleiar tala for at det raskt vart peika ut kven tilsette som skulle bemanne dei to avdelingane i fyrste omgang, for å rydde uro og spekulasjonar av vegen.

Det vart ikkje stilt konkrete krav til løn eller tillegg for dette arbeidet i møtet. Det vart avtala at Fagforbundet sin plasstillitsvalde ved institusjon kan vere med på godkjenning av turnusen ved desse avdelingane.

Felles koronaavdeling i Vest Telemark

Dersom det skulle utvikle seg til å bli mange koronasmitte i Vest Telemark, har kommunalsjefane i dei seks kommunane alt planar for å samarbeide om eit større mottak. Fleire alternative lokasjonar har vore sett på, mellom anna sjukehuset i Telemark avdeling Seljord (DPS) og sjukehuset på Rjukan. Ingen av desse er lenger aktuelle, då dei alt er planlagt bruka. Aktuell lokasjon er derfor lokala til AiR på Rauland, som ikkje er i drift etter dei nasjonale beredskapsvedtaka.

Eit samarbeid om koronaavdeling ved AiR vil krevje at kommunane samarbeider om å stille med helsepersonell. Einingsleiarar og tillitsvalde var klare på at dette også måtte kunne gå bra når behovet er der, men at ein då må avvikle dei lokale avdelingane for isolat og pasientar med øvre luftvegsinfeksjonar for å ha personell nok.

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa til vitande.

Utskrift til: